

## Forslag til spørsmål barnevernstenesta kan stille Vestland tannhelseteneste i ein undersøkingsfase

- Når var det første besøket til barnet på tannklinikken?
- Har barnet møtt regelmessig til avtalar?
  - Dersom nei
    - når og kor mange gongar har barnet ikkje møtt til timeavtalar?
    - er det meldt avbod i forkant av timen?
    - er det oppgitt bakgrunn for det manglande oppmøte?
    - møter barnet berre til akutt behandling?
    - når starta problema? Var det greitt inntil ... tidsrom
- Har barnet hatt følge til tannklinikken og kven har i tilfelle følgt barnet?
- Korleis opplever du samspelet mellom barnet og føresette på tannklinikken?
- Korleis opplever du barnet i behandlingssituasjonen – har det avvikande åtferd?
- Korleis opplever du den generelle hygienen til barnet?
- Korleis er tannhelsa til barnet?
- Korleis er munnhygienen til barnet?
- Har det vore behov for ekstra opplæring i munnhygiene og tett oppfølging av barnet?
  - Dersom ja
    - opplever du at føresette/barnet har tatt opplæringa på alvor?
    - opplever du at føresette er samarbeidsvillige?
    - opplever du at føresette følger opp tiltak som blir satt i gang eller tilrådd av tannhelsepersonellet?
    - har munnhygienen til barnet blitt betre?
- Har barnet møtt til akutt tannbehandling ved traume/skade på tenner/kjeve?
- Er det nokon gong dokumentert blåmerke/skade på barnet når det har møtt til tannbehandling?
  - Dersom ja
    - er skade/traume/blåmerke dokumentert med foto?
- Har barnet nokon gong fortalt om forhold i heimen som kan gje grunn til bekymring?
- Har tannhelsepersonell kjennskap til forhold i familien som kan ha negativ innverknad på korleis barnet har det?
- Korleis er frammøte for søsken?